

MØTEBOK HALLINGTINGET

TID: 19.6.2020

STAD: Ål, Torpomoen

Desse møtte på Hallingtinget:

<u>Hol kommune</u> Petter Rukke Sigrid Simensen Ilsøy Nina Dalen Torstein Seim Hanne Haatuft	<u>Hemsedal kommune</u> Pål Terje Rørby Andreas Smith-Erichsen Petter Owesen Helene Sagabråten Norunn Rivedal
<u>Ål kommune</u> Solveig Vestenfor Jørund Li Anne Vetteren Grøthe Ingeborg Frydenlund Ole-Egil Trinrud	<u>Nesbyen kommune</u> Tore Haraldset Øyvind Frekeplass Geir Olav Garthus Bård Heio
<u>Gol kommune</u> Herbrand Jegleim Tom Rune Blakkestad Christian Ihlen Brunborg Camilla Larsen Hoftun Kristin Bakke Haugen	<u>Flå kommune</u> Merete Høntorp Gandrud Tor Egil Buøen Kristian Akervold Sigrid Hauglann Grimeli

Av rådmennene møtte: Ole Johnny Stavn, Hol kommune Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune, Ola Frogner, Hemsedal kommune, Henrik Skovly, Nesbyen kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Administrasjon Regionrådet

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar, Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

Frå Viken fylkeskommune møtte:

Kjersti Bærug Hulbak, regionkontakt

Politiske fylkeskontaktar møtte ikkje grunna fylkesting.

Fylkesmann Valgerd Svarstad Haugland deltok på møtet

Rådsordfører Solveig Vestenfor opna Hallingtinget

SAK 01/20 REKNESKAP 2019

Vedtak:

1. Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2019 med revisoruttale, datert. 25.5.2020, og at overskot på kr. 72.182,20 blir overført til disposisjonsfondet.
2. Utgifter i samband med tilsetjing av ny dagleg leiar på kr. 109.468,27 blir teke frå disposisjonsfondet.

SAK 02/20 ÅRSMELDING 2019

Vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga til Regionrådet for Hallingdal for 2019.

SAK 03/20 SATS PÅ HALLINGDAL (REGIONAL OMSTILLING)

Vedtak

Hallingtinget vurderer «Sats på Hallingdal» som eit svært relevant program for Hallingdal som region. Med bakgrunn i drøfting i Hallingtinget ber Hallingtinget Regionrådet for Hallingdal i nær dialog med Viken fylkeskommune om å arbeide vidare med søknad.

SAK 04/20 BUDSJETTPROSESS FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Rådmannsutvalet har utarbeidd forslag til løysing:

1. Rådmannsutvalet sender eit omforeint budsjetttrundskriv til interkommunale samarbeid organisert gjennom vertskommunesamarbeid, IKS eller nye samarbeid etter ny kommunelov kvart år innan 15. juni.
2. Budsjetttrundskrivet skal innehalde opplysningar om forventa løns- og prisvekst, samt føringar for budsjettarbeidet. I tillegg skal rundskrivet ha følgande føringar:
 - a. Effektivisering skal vera eit eige punkt/vurdering i budsjettet
 - b. Kostnadsreduksjon på 3% av samarbeidets budsjett skal synleggjerast (ikkje innarbeidast) med beskriving av kva konsekvens ein slik kostnadsreduksjon får for tenesta.
 - c. Eventuell innovasjon med nye løysingar/ordningar som har ein meirkostnad, men som fører til betre tenester og/eller kan føre til kostnadsreduksjon på andre område skal synleggjerast, men ikkje innarbeidast i budsjett.
3. Budsjettmøte mellom leiar for det interkommunale samarbeidet og rådmannsutvalet skal gjennomførast innan 1. september.
4. Budsjett skal sendast deltakarkommunane innan 10. september.

Vedtak

Hallingtinget støttar kommunedirektørutvalet sitt forslag til budsjettprosess for interkommunale samarbeid i Hallingdal.

SAK 05/20 FORLIKSRÅD HALLINGDAL**Forslag til vedtak**

Hallingtinget vil rå kommunane i Hallingdal til å gjera slikt vedtak:

- a. Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunen Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå.
Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd.
- b. Felles forliksråd skal tre i kraft frå 1.1.2021
- c. Forliksrådet skal ha 3 leddommarar og 3 varamedlemmer. Representasjon frå kommunane skal endrast for kvar periode. Fyrste periode har Hol, Gol og Flå leddommarar og Ål, Hemsedal og Nesbyen har varamedlemmer.
- d. Leiarvervet skal rullere for kvar valperiode i rekkefølge; Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Flå, Nesbyen.
- e. Møtelokale til Hallingdal forliksråd blir lagt til Gol og betjent av Midtre Hallingdal lensmannskontor, som i dag.

Bård Heio fremma følgjande forslag til vedtak pkt e.

Pkt e. i "forslag til vedtak, «Møtelokale til Hallingdal forliksråd blir lagt til Gol og betjent av Midtre Hallingdal lensmannskontor, som i dag.» blir erstatta med nytt pkt e.

«Sekretariatet blir lagt til Gol og betjent av Midtre Hallingdal lensmannskontor, som i dag.»

Torstein Seim fremma forslag om å stryke punkt e.**Sigrd Simensen Ilsøy fremma følgjande forslag til vedtak:**

- a. Det blir oppretta felles forliksråd for Hol og Ål, og for Hemsedal, Gol, Nesbyen og Flå.
- b. Felles forliksråd skal tre i kraft frå 1.1.2021.
- c. Forliksrådene skal ha 3 leddommarar og 3 varamedlemmer. Kommunane som samarbeider om forliksråd, blir einige om korleis representasjon frå kommunane skal vera i kvar periode.

Avstemming

- | | |
|------------|---|
| Pkt. a | Forslag til vedtak vart sett opp mot forslag frå Sigrd Simensen Ilsøy |
| 21 røyster | Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunen Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå. Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd. |
| 7 røyster | Det blir oppretta felles forliksråd for Hol og Ål, og for Hemsedal, Gol, Nesbyen og Flå. |
| Pkt. b. | Vedtatt samrøystes |
| Pkt. c | Forslag til vedtak vart sett opp mot forslag frå Sigrd Simensen Ilsøy |
| 21 røyster | Forliksrådet skal ha 3 leddommarar og 3 varamedlemmer. Representasjon frå kommunane skal endrast for kvar periode. Fyrste periode har Hol, Gol og Flå leddommarar og Ål, Hemsedal og Nesbyen har varamedlemmer. |
| 7 røyster | Forliksrådene skal ha 3 leddommarar og 3 varamedlemmer. Kommunane som samarbeider om forliksråd, blir einige om korleis representasjon frå kommunane skal vera i kvar periode. |
| Pkt. d | Vedtatt mot 1 røyst |

Pkt e. Forslag frå Torstein Seim om å stryke punkt e.
21 røysta mot å stryke pkt e.
7 røysta for å stryke pkt e

Pkt. e Forslag frå Bård Heio om å endre pkt e. til «Sekretariatet blir lagt til Gol og betjent av Midtre Hallingdal lensmannskontor, som i dag.»
Vedtatt samrøystes

Vedtak

Hallingtinget vil rå kommunane i Hallingdal til å gjera slikt vedtak:

- Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunen Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå.
Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd.
- Felles forliksråd skal tre i kraft frå 1.1.2021
- Forliksrådet skal ha 3 leddommarar og 3 varamedlemmer. Representasjon frå kommunane skal endrast for kvar periode. Fyrste periode har Hol, Gol og Flå leddommarar og Ål, Hemsedal og Nesbyen har varamedlemmer.
- Leiarvervet skal rullere for kvar valperiode i rekkefølge; Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Flå, Nesbyen.
- Sekretariatet blir lagt til Gol og betjent av Midtre Hallingdal lensmannskontor, som i dag

SAK 06-20 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2021 – 2024

Denne saka var oppstart på prosessen som skal ende opp med strategisk plan for Hallingdal 2021-2024. Det vart ikkje fatta vedtak, men det var gitt tre drøftingsoppgåver der Hallingtinget gav innspel til vidare prosess.

Drøftingsoppgåve 1: MÅL:

Skal målsettinga i gjeldande strategiske plan endrast, justerast, eller spissast?

*«Hallingdal skal bli ein meir **attraktiv, positiv og produktiv** region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar og besøkande.»*

Hallingtinget var delt i synet på målformuleringa i gjeldande plan. Nokre grupper meinte at den var god, med små justeringar, andre meinte at måla er lite målbare og at dei liknar meir ein visjon.

Drøftingsoppgåve 2: Strategi/innsatsområde:

Kva strategi/innsatsområde skal vi ha for å nå dei langsiktige måla?

- Folk som ressurs (humankapital)
- Infrastruktur
- Arbeidsplassar
- Fleirkjernestruktur
- Bukvalitet
- Samarbeid

Hallingtinget var relativt samde om at innsatsområda var gode/riktige, at «fleirkjernestruktur» bør takast ut eller endrast på og at berekraft/miljøaspektet må inn.

Drøftingsoppgåve 3: Prosess

1. Korleis skal kommunane, næringslivet og frivillige involverast i arbeidet med strategisk plan for Hallingdal ?
2. Korleis kan innhaldet i Strategisk plan for Hallingdal innarbeidast i kommunale planar, og kor forpliktande vil ein slik plan vera ?

Hallingtinget var relativt samde om å køyre ein brei prosess der kommunane, næringslivet, frivillige og ungdomen blir involvert. Hallingtinget var også samde om at regionrådet har saka oppe på sine møter og at eit utkast blir lagt fram på neste Hallingting.

Ål 26. juni 2020

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 06-20, Strategisk plan for Hallingdal